



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding

Skuleåret 2010-2011

Elev- og lærlingombodet



INNHALD

	Side
1. FØREORD	2
2. INNLEIING	3
3. ELEV- OG LÆRLINGOMBODET SI ROLLE	4
4. OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA FOR KVAR BRANSJE	5
5. INFORMASJON <u>FØR</u> LÆRETIDA STARTAR	6
6. PROBLEMSTILLINGAR FRÅ LÆRLINGAR	6
7. FAGOPPLÆRINGA	7
8. OBLIGATORISK KURS FOR INSTRUKTØRAR	7
9. LÆRLINGSAMLINGAR	7
10. Å GJERE OMBODSORDNINGA KJEND	8
11. PLAKATAR	9
12. VURDERING	9
13. MØTE MED ELEVRÅDSSTYRET PÅ KVAR SKULE	10
14. DØME PÅ ELEVRÅDSSAKER	11
15. ”KLASSEN SIN TIME”	12
16. PROBLEMSTILLINGAR FRÅ ELEVAR	12
17. UNGDOMSPOLITISKE DAGAR 2010	13
18. ELEVORGANISASJONEN	14
19. FYLKESTING FOR UNGDOM	15
20. OMBODSSAMLING PÅ LANDSPLAN	15
21. NASJONAL OPPLÆRINGSKONFERANSE	16
22. NOKRE ORD TIL SLUTT	17

1. FØREORD

Elevar og lærlingar er den viktigaste ressursen for framtida. Difor er det svært viktig at denne gruppa blir teken på alvor og får sjansen til å nå lengst mogleg utifrå sine føresetnader medan dei er i den vidaregåande opplæringa. På den måten er det større sjanse for at ungdomen vil vende heim att etter avslutta utdanning og skape næring og nyskaping i Sogn og Fjordane. Her har alle aktørar innan opplæringssystemet eit stort ansvar.



Frå ungdomspolitiske dagar i Florø

2. INNLEIING

Elev- og lærlingombodet jobbar på eit fritt og uavhengig grunnlag. Ombodet skriv årsmelding for kvart skuleår som blir lagt fram for fylkestinget i juni. Skuleåret 2010/2011 har elev- og lærlingombodet fått inn 223 problemstillingar. Dette er spørsmål av ulik art. Desse er kategorisert på side 6 og side 12. Omlag 70 % av problemstillingane kjem frå lærlingar, og resterande frå elevar. Til saman er det 4240 elevar og 891 lærlingar i Sogn og Fjordane.



Elevar ved Årdal vidaregåande skule

3. ELEV- OG LÆRLINGOMBODET SI ROLLE

Elev- og lærlingombodet si rolle er i all hovudsak å vere brubyggjar mellom dei ulike instansane, og å gje den enkelte elev og lærling råd og rettleiing når problem dukkar opp medan dei er under vidaregåande opplæring. Dei fleste problem let seg løyse i dialog med dei saka gjeld. Ofte er det slik at lærlingar og elevar søker råd frå elev- og lærlingombodet før dei sjølv tek saka opp med overordna. På den måten fungerer ombodet si rolle ofte som hjelp til sjølvhjelp.

Det er etter mitt syn bra at både lærlingar og elevar får trening i å ta ting opp sjølv med arbeidsgjevar og skule, men i den prosessen kan det vere viktig å støtte seg til nokon som ikkje er part i saka. Ei sak har alltid fleire sider, og det at ein nøytral part gir råd undervegs kan få alle partar til å sjå på saka med nye auge. Det handlar ikkje om å peike ut syndebukkar, eller å få fram flest mogleg klagesaker, men tvert imot å komme så tidleg på bana at partane sjølv finn løysingar som er til å leve med. Difor blir både elevar og lærlingar oppmoda til å ta kontakt med ombodet tidleg når det oppstår problem, slik at saka let seg løyse på lågast mogleg nivå. Å ta denne kontakten er ein ufråvikeleg rett som alle elevar og lærlingar har, og det er ikkje slik at det må vere ei klagesak før ting blir tatt opp. Det er eit tilbod for å hindre at ungdom fell ut av vidaregåande opplæring. Altså, dersom til dømes ein lærling, tek kontakt med ombodet om ei vanskeleg sak på arbeidsplassen, er alltid mitt første råd at vedkommande sjølv prøver å ta dette direkte opp med arbeidsgjevar, fagopplæringa eller bransjeopplæringskontoret. Dersom ikkje saka blir løyst på dette nivået, bistår gjerne ombodet vidare oppover i systemet.

4. OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA FOR KVAR BRANSJE

Opplæringskontora er bransjeorienterte og eigd av næringslivet. Her følgjer ein oversikt over dei ulike opplæringskontora m/forkortingar:

- Opplæringskontor for Elektrofag (OFEL)
- Opplæringskontor for Bygg- og Anleggsteknikk (BYGGOPP)
- Opplæringskontor for anlegg- og bergfagene (OKAB)
- Bilbransjens Opplæringskontor AS (BOK)
- Opplæringskontoret for offentlig sektor (OKOS)
- Opplæringskontoret for Hotell- og Næringsmiddelfag (OKHN)
- Opplæringskontoret for Transport- og Terminalfag (OKHN)
- Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfaget (OKFH)
- Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri (PRO)
- Byggmesterens Servicekontor as Avdeling Sogn og Fjordane
- Nytt frå og med april 2011: Frisørfagets Opplæringskontor (FO)

Søknadsfrist for vidaregåande opplæring i bedrift (lære plass) er 1. mars (1. februar for dei som søker særskilt tilrettelagt opplæring.) Det er eit klart mål at søkerane skal få gjort avtale om lære plass så snart råd er. Det er viktig at elevane er førebudde på kva som møter dei når dei kjem ut i bedrift. Det er difor svært bra at representantar frå dei ulike opplæringskontora informerer dei vidaregåande skulane om dette på førehand.

5. INFORMASJON FØR LÆRETIDA STARTAR

Elev- og lærlingombodet har vore rundt til alle vg2 yrkesfag og gitt informasjon om kva krav, rettar og plikter som møter dei i tida som lærling. Denne informasjonsrunden til alle dei vidaregåande skulane skjer på vårparten. Dei får også informasjon om at ombodsordninga også gjeld heilt fram til dei har fagbrevet i handa. Kvar enkelt elev får utdelt visittkort med kontaktinformasjon til ombodet. Erfaring viser at dei fleste lærlingar tek vare på dette kortet ut læretida. Ombodet oppfordrar alle elevar som har søkt lære plass om at dei sjølv er aktive i prosessen med å skaffe lære plass. Vidare set ombodet ekstra fokus på pliktene til lærlingane og kor viktig det er å unngå fråver.

6. PROBLEMSTILLINGAR FRÅ LÆRLINGAR

- Lærlingar som vurderer å slutte i læretida.
- Korleis ta vanskelege saker opp med overordna.
- Lite oppfølging og tilbakemeldingar.
- Psykososialt miljø på arbeidsplassen.
- Bruk av overtid.
- Forhold rundt kontraktane.
- Lover og reglar for lærlingar.
- Lønn og arbeidstid.
- Byte av lære plass.
- Skyssutgifter. Pr i dag må lærlingar betale skyssutgifter sjølv, i motsetnad til elevar. Lærlingane opplever det som urettferdig at dei må betale full pris på buss/båt i læretida. Dei etterlyser ei ordning der dei slepp å bruke så stor del av ei lita lønn til skyss til og frå nødvendig opplæring.

7. FAGOPPLÆRINGA

Elev- og lærlingombodet har også skuleåret 2010/2011 hatt særleg fokus på lærlingar, og opplever å ha eit godt samarbeid med Fagopplæringa i Sogn og Fjordane. I saker der lærlingar har kontakta ombodet, og ombodet har involvert Fagopplæringa har Fagopplæringa vore raskt ute og bistått lærlingar og bedrifter for å løyse opp i konflikhtar. Fagopplæringa si raske oppfølging har etter ombodet si vurdering bidrege til at ein del lærlingar har fått ei betre læretid, og ikkje minst fullført læretida. Ombodet har delteke på lærlingsamlingar i regi av fagopplæringa. Det er med på å gjere ordninga kjend blant både lærlingar og instruktørar.

8. OBLIGATORISK KURS FOR INSTRUKTØRAR

Ombodet meiner at obligatorisk kurs for instruktørar kan vere med å kvalitetssikre opplæringa for den enkelte lærling.

9. LÆRLINGSAMLINGAR

Også i 2010/2011 har det vore arrangert lærlingsamlingar i kvar av dei tre regionane. Både i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord var frammøtet stort. Fleire og fleire bedrifter ser verdien av å la lærlingane få delta på desse samlingane, der det blir gitt viktig informasjon om ulike utfordringar i læresituasjonen. Elev- og lærlingombodet meiner at dette er ei ordning som heilt klart bør halde fram.



Askil Holm med kulturinnslag på læringsamling

10. Å GJERE OMBODSORDNINGA KJEND

Ombodet legg stor vekt på å vere synleg ute blant elevar og lærlingar. Møte med elevråd, stand på skulane, klassebesøk, regionale samlingar, innlegg på læringsamlingar bidreg i stor grad til dette.

Det er heile tida ei utfordring å syte for at både elevar og lærlingar får kjennskap til ombodsordninga. Kvart år kjem det nye elevar inn i den vidaregåande skulen. Ombodet er takksam for at alle instansar innan vidaregåande opplæring er med på å gjere ordninga kjend.

11. PLAKATAR

Alle vidaregåande skular får tilsendt info-plakatar om ombodsordninga for å henge opp i fellesareal. Alle lærlingar får same informasjon i opplæringspermen. Det blir sendt ut nye plakatar til skulane etter fårepølse. Plakaten kan også lastast ned frå linken til ombodet på fylkeskommunen si heimeside.



Gitaristar ved Luster vidaregåande skule

12. VURDERING

Føremålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven. Undervegsvurderinga skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at elevane aukar kompetansen sin i fag. Det skal vere kjent for elevane

kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga. Dette er nedfelt i Forskrift f til opplæringslova § 4 – 1 og 4 -2. Det er viktig at både lærarar og elevar er kjend med denne forskrifta.



Elevrådsstyret ved Eid vidaregåande skule

13. MØTE MED ELEVRÅDSSTYRET PÅ KVAR SKULE

Elev- og lærlingombodet har gjennom skuleåret hatt møte med elevrådsstyret og/eller heile elevrådet ved alle dei vidaregåande skulane i fylket.

Her følgjer ein oversikt over tema på desse møta:

- Motivasjon i elevrådsarbeidet.
- Tillitseleven si rolle.
- Elevmedverknad.
- Rettar og plikter.
- Organisering og drift av elevrådet.
- Kommunikasjon og konfliktløysing.

Elevane opplever motivasjon i elevrådsarbeidet når dei føler at dei blir tatt på alvor. Det er viktig at det blir sett av tid til elevrådsarbeid, og at det blir utarbeida både møte- og handlingsplanar.

14. DØME PÅ ELEVRÅDSSAKER

- Læringsmiljø
- Læringsmetodar
- Trivsel
- Saker som elevar ønskjer at lærarar og leiing skal følgje opp
- Saker som elevrådet uttalar seg om til leiinga – høyringssaker
- Informasjon frå elevrådet til alle klassane
- Forslag til aktivitetar og/eller forbetringar på skulen

15. "KLASSEN SIN TIME"

"Klassen sin time" er arenaen for kontaktlærer og tillitselev til å gje nødvendig informasjon, og få tilbakemeldingar frå klasse. Korleis, når og om klassen sin time skal gjennomførast er opp til den enkelte skule. Elev- og lærlingombodet vil sterkt tilrå at alle skular har den ordninga. På den måten signaliserer skulen at elevrådsarbeid er viktig ved at det blir sett av nok tid til det. Tillitseleven har ansvar for å ha nødvendig informasjon frå elevrådet klart til timen. Vanlegvis er det også tillitseleven som leiar timen, eventuelt med hjelp frå varatillitseleven eller kontaktlærer. Det bør skrivast referat frå timen, der det går fram kva ein har bestemt og kven som var til stades. Referata bør lagrast lett tilgjengeleg for klassen.

16. PROBLEMSTILLINGAR FRÅ ELEVAR

- Korleis ta opp vanskelege tema med lærar.
- Underevsvurdering; vurdering for læring
- Informasjon om lovverket; opplæringslova, forvaltningslova og arbeidsmiljølova.
- Lite elevmedverknad.
- Trenering av elevrådssaker.
- Utan vikar ved lærar sin sjukdom.
- Sein varsling og manglande karaktergrunnlag.
- Framgangsmåte ved klage på standpunktkarakter / eksamenskarakter.
- Spørsmål vedkomande Kunnskapsløftet
- Konflikthandtering
- Mekling mellom elevar

17. UNGDOMSPOLITISKE DAGAR 2010

Seminaret ”Ungdomspolitiske dagar 2010” vart arrangert i Florø 18. og 19. september 2010 av og med ungdomspolitikarar. Elev- og lærlingombodet deltok på seminaret.

Målet med seminaret var først og fremst å stimulere og motivere ungdom til samfunnsengasjement og politisk arbeid. Det er viktig at ungdom blir bevisst på at ein kan vere med å påverke samfunnsutviklinga. Frank Aarebrot var ein av foredragshaldarane, og hadde eit fengande innlegg om ungdomsdemokrati. Gjennom foredrag og gruppearbeid fekk ungdommane eit bilete av korleis situasjonen i fylket ser ut når det gjeld ungdomsdemokrati, ungdomsengasjement og entreprenørskap.



Frank Aarebrot i samtale med elevrådslevar.

18. ELEVORGANISASJONEN

Frå tid til annan deltek elev- og lærlingombodet på fellesmøte med Elevorganisasjonen. Hausten 2010 vart det arrangert elevforsamling på Kaupanger skule. Her var representantar frå elevråda i fylket til stades. Elev- og lærlingombodet hadde innlegg om ombodsrolla, rettar og plikter.



Frå elevforsamlinga på Kaupanger skule

19. FYLKESTING FOR UNGDOM

Fylkesting for ungdom fann stad 29.-31. oktober 2010 på Fylkeshuset på Hermansverk. Kvart år deltek ombodet på tinget som observatør. Det vil ombodet halde fram med å gjere då dette er ein fin arena å få innblikk i politiske saker som opptek ungdommen.



Fylkesordføraren og elev- og lærlingombodet deltok på Fylkesting for ungdom

20. OMBODSSAMLING PÅ LANDSPLAN

Alle elev- og lærlingomboda i landet har danna sitt eige nettverk. To til tre gonger i året har vi fellessamlingar der vi diskuterer felles problemstillingar. Dette er eit nyttig og nødvendig forum for å hente inspirasjon til vidare arbeid. Det finst berre eitt ombod pr fylke, og vi blir på den måten eit kollegium.



Ombodssamling på Lillehammer november 2010

21. NASJONAL OPPLÆRINGSKONFERANSE

Ombudet deltok på den årlege nasjonale opplæringskonferansen for vidaregåande opplæring. Den fann stad i Trondheim 25.-27. august 2010 Dei fleste andre omboda i landet var også til stades, og vi nytta ledig tid til å oppdatere oss når det gjeld lov og avtaleverk. Tema på konferansen var mellom anna: Fråfall i vidaregåande opplæring og fagopplæring som passar til morgondagens næringsliv. Kunnskapsminister Kristin Halvorsen deltok med innlegg om norsk utdanningspolitikk.

22.NOKRE ORD TIL SLUTT

Elev- og lærlingombodet skal motivere elevråda til aktiv innsats for å styrke elevdemokratiet. Vidare bistå, gje råd og rettleiing i saker som vedkjem lærlingar og elevar i vidaregåande opplæring. Ombodet legg vekt på å komme tidleg på bana når problemstillingar oppstår, for å gje raskast mogleg hjelp til den enkelte. Dette for å unngå at elevar og lærlingar går til det steget å slutte før dei har fått nødvendig hjelp. I eit fylke som Sogn og Fjordane med lange avstandar inneber det mykje reiseverksemd. Arbeidet er til tider svært krevjande. Det er mange elevar, lærlingar og ulike instansar å forholde seg til, men berre eitt ombod.

Takk til alle involverte instansar for vilje og evne til problemløysing skuleåret 2010/2011!

Venke Nordeide
Elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane



Læringsamling



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no